



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato  
14.05.2014  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2014/6128  
Dykkar referanse  
«REF»

Kommunane i Hordaland  
v. barnehagemyndigheten

### Informasjon om tilbod - Fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar 2014/15

Vi viser til brev av 24.04.2014 som er sendt til kommunane med informasjon om tiltak gjennom strategi for «Kompetanse i framtidens barnehage». I dette brevet orienterer vi om

#### - Fagopplæring som fører fram til barne- og ungdomsarbeidar (BUA)

Vedlagt følgjer informasjon om tilbodet om å ta fagbrev som Hordaland fylkeskommune har lagt ut på heimesida si, og som fører fram til barne- og ungdomsarbeidar (BUA). Informasjonsskriv til tilsette er lagt ved i dette brevet.

Fylkeskommunen sitt tilbod om vaksenopplæring i barne- og ungdomsarbeidarfaget er gratis for dei som har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova §4A-3. Fylkesmannen og fylkeskommunen samarbeider om å utvide det eksisterande tilbodet for søkjarar som ikkje allereie har eit slikt tilbod. Dette blir gratis og gjeld både for søkjarar med og utan rett til vidaregåande opplæring.

Fylkesmannen løyver ekstra midlar til om lag 20 plassar for søkjarar som ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova. Plassar kan opprettast i den regionen som har flest søkjarar dette året.

#### Samarbeid med kommunane

Fleire regionar har tidlegare meldt i frå til Fylkesmannen omlag kor mange som ynskjer å ta fagbrevet gjennom praksiskandidatordninga. Det danna grunnlaget for at vi no ser at det er trong for å auke talet på plassar.

Vi ber kommunane om å sende ei namneliste på dei som ynskjer å søkje om fagopplæring i løpet av barnehageåret 2014/15. De må opplyse Fylkesmannen om kor mange som har rett og kor mange som ikkje har rett til vaksenopplæring av gruppa som søker. Søknader om plass skal sendast til skulane på vanleg måte.

## **Tilskot eigenkostnader til fagprøve**

Fylkesmannen vil i tillegg løyve kr. 100 000 til å finansiere eigenkostnadene ved fagprøven for kandidatar som har fullført teoridelen og som planlegg å gå opp til fagprøve i løpet av 2014/15. Søknad om dette vert å sende via kommunen til Fylkesmannen, utdanningsavdelinga og vert tildelt etter kvart som søknadene kjem inn. Nærare informasjon om kostnader er å finne på fylkeskommunen sine nettsider og ved å ta kontakt med den vidaregåande skulen.

Vi ber kommunane om å gjere informasjonsskrivet om BUA kjent for barnehageeigarar og tilsette. Skrivet bør sendast elektronisk for å sikre at lenkene til brevet kjem med. Skrivet vert også lagt ut på Fylkesmannen si heimeside, under lenke til barnehagekompetanse.

Vi oppmodar også kommunane og eigarane om å leggje til rette for at så mange som råd er kan gjennomføre teorikurset og fagprøven.

### Vedlegg

Til tilsette i barnehagen - Praksiskandidat

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*